



AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan, bygg, oppmåling og miljø

Kaland Trelast AS
Alexander Landa
Keilevegen 45
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/4718 - 21/2723

Saksbehandlar:
Asbjørn Nagell Toft
asbjorn.n.toft@austrheim.kommune.no

Dato:
08.04.2021

Mellombels bruksløyve til bustadeining 9D i firemannsbustad på gbnr. 131/320 - Straumshaugane - Fonnes

Administrativt vedtak. Saknr: 045/21

Vi syner til søknad motteke 06.04.2021.

Vedtak

I medhald av plan- og bygningslova § 21-10, 3. ledd vert det gjeve mellombels bruksløyve for heile tiltaket på følgjande vilkår: Ferdigattest skal liggje føre innan 25.06.2021

Saksutgreiing:

Det er kome inn søknad om mellombels bruksløyve for ein bustadeining i ein firemannsbustad på gbnr. 131/320. Søkja skriv følgjande:

Kontrollerklæring for våtrom og lufttetthet er ikke signert da det mangler en del dokumenter vedr. dette. Selve kontroll på byggeplass er foretatt og er ok.
Kontrollerklæring våtrom og trykktesting vil bli signert/utført når alle leilighetene er ferdig.
Dette sendes inn i forbindelse med søknad om ferdigattest.

Ansvarleg søker/tiltakshavar har ordna med naudsynt sluttdokumentasjon og har erklært at tiltaket er ferdigstilt, med unntak av nokre mindre vesentlege arbeidar. Gjennom dette har dei stadfesta overfor kommunen at kontroll er utført med tilfredsstillande resultat, og at tiltaket er utført i samsvar med løyver og krav gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova og vedtak i saka. Ansvarleg søker/tiltakshavar har stadfesta at byggverket har tilfredsstillande tryggleiksnivå og har identifisert gjenståande arbeide som vist i søknad.

Ansvarleg søker/tiltakshavar har opplyst tidspunkt for ferdigstilling til: 25.06.2021.

Mellombels bruksløyve fell bort på fristdato for ferdigattest. Om det ikkje ligg føre ferdigattest innan frist er bruk ikkje lenger lovleg og må opphøyre. Bygningsstyresmakta vil følgje opp manglande ferdigstilling med pålegg og sanksjonar etter plan- og bygningslova kap 32.

Bygningen eller delar av den må ikkje takast i bruk til anna føremål enn det løyvet fastset. Bruksendring krev særskilt løyve (jf. pbl. § 20-1).

Lykke til med bruken av bustadeininga og arbeidet vidare med firemannsbustaden.

Med helsing
Asbjørn Nagell Toft
avdelingsleiar

Klage:

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i Lov om offentleg forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen. Klagefristen er 3 veker frå den dato du vart gjort kjent med vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva du klagar på i vedtaket, og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Kopi til:

Alf Kvant
Bjørn Bjørge Torsvik Størkersen
Ragnhild G Husa

Mottakere:

Kaland Trelast AS

Keilevegen 45

5953

FONNES